

Årsmelding 2021

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøte

Årsmøtet 2020 vart halde på Gløyp 09.11.20.

Det møtte 20 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Val

Dei i styret som stod på val var : Helene Olsen (stod på val som leiar og styremedlem), ho tok attval, Gudbjørg Grønsdal stod på val, tok ikkje attval, Gunn Berit Beck stod på val, tok ikkje attval.

Anne Eitrheim og Elisabeth Rolland vart valde inn som nye styremedlemmer.

Styret konstituerte seg seinare og vart sett saman slik:

Styret for 2021 :

Leiar :	Helene Olsen
Nestleiar :	Helga Auganes
Kasserar :	Anne Eitrheim
Skrivar :	Jorunn Nornes Opedal
Studieleiar :	Margareth Moberg
Styremedlem:	Elisabeth Rolland
Ansvarleg for laget si heimeside :	Margareth Moberg
Varafolk:	1 Bodil W. Ystanes 2 Kirsti K. Nedrevåg
Valnemnd :	1 Gudrun Halland 2 Signe Kirsti Ystanes
Turnemnd :	Hildegun Sandstå og Gudrun Halland
Revisorar :	Kirsti M. Lutro, Audhild Buddenbaum

Andre saker:

Årsmelding, rekneskap og årsplan

Årsmøtet vidare:

Gudbjørg las eit dikt av Arne Torget frå Kvinnherad « Han kjem den dagen » Diktet vart skrivne då koronapandemien sette inn. Deretter spela Elin Skår på toradar. Steinar Rinaldo på Gløyp serverte oss velsmakande middag og dessert. Under middagen takka Helene dei som gjekk ut av styret og nemnder for god innsats. Gudbjørg og Gunn Berit fekk boka «Lofthusmålarane» av Oddmund Hus. Kirsti M. Lutro fekk blom.

Vidare ynskte Helene dei nye i styret velkomne. Anne Eitrheim fekk Kinsarvik bygdekvinnelag sitt jubileumsskrift, Elisabeth Rolland var ikkje til stades og fekk det seinare.

Helene la fram eit framlegg frå styret om oppgradering i og rundt Borstova. Det vart ikkje vedteke noko der og då. Ein må søkja kommunen om løyve og samarbeid.

Me hadde ei hyggeleg samkome rundt småborda med 1 m avstand. Til slutt vart vertskapet på Gløyp takka med stor applaus for god mat og godt samarbeid i ei vanskeleg koronatid.

Antal medlemmer, møter m.m.

Laget har per oktober i 2021 35 medlemmer. 1 ny har meldt seg inn. Kontingenten vert no kravd inn sentralt og har vore kr 695, noko av dette går til HBK.

Laget betalte utgiftene til mat på årsmøtet, og har heller ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta. Dette er som ein kompensasjon for høg kontingent.

Som alt anna i samfunnet har også Kinsarvik bygdekvinnelag vorte råka av koronapandemien. Dette har ført til lite aktivitet.

Styret har hatt 6 styremøte. Elles ein god del kontakt via telefon og e- post.

Laget har berre hatt 1 medlemsmøte, 1 samling ute i Mikkelparken / Ålmerket og 5 fotturar i nærmiljøet.

Samling i Mikkelparken og på Ålmerket 09.06.21

Me møttes i Mikkelparken, der Kristin Strand tok i mot oss og viste oss rundt i parken. Me fekk servert eplesaft. Ho fekk blom og jubileumshefte som takk. Deretter gjekk me ned på Ålmerket og koste oss med kaffi og innkjøpt kringle.

Medlemsmøtet 11.10.21

Møtet starta med omvisning på biblioteket og deretter matøkt og lagssaker i Borstova.

Erika Alnæs orienterte om ombygginga av lokala i heradshuset til bibliotek, og om ulike aktivitetar på biblioteket. Erika fekk ei diktbok og eit honningglas som takk.

I Borstova vart det lagssaker og ymse orienteringar.

Fotturar i mai – juni:

- ✓ Langs banelinja i Husemoen til Stølsbrua.
- ✓ Frå velteplassen på Røte til Feisdal.
- ✓ Frå Skredhaugen over Helleland til Opedal skule og tilbake. Nistemat på Skredhaugen.

Fotturar i september:

- ✓ Bærtur i Husmoen.
- ✓ Elvadalen rundt på Lofthus.

Andre aktivitetar:

- ✓ Baking i eldhuset for medlemmer til eige bruk i veke 22.
- ✓ Baking i eldhuset i veke 40. Krotakaker til loddsal på bok og til Bråvolltunet.
- ✓ Leiar har laga eit skriv som vert gjeve ut ved utleige av bunadene.
- ✓ Leiar og skrivar har sendt brev til årsmeldinga i HBK om aktivitetar i laget.
- ✓ Nokre i styret har delteke digitalt på HBK sitt årsmøte.
- ✓ Loddsal på bok, medlemmene skaffa gevinstar.
- ✓ I høve brot på jordbruksforhandlingane viste Kinsarvik bygdekvinnelag saman med Børve/Sekse si støtte i form av plakat på brua i Kinsarvik.
- ✓ Leiar har sendt brev til kommunen om trongen for rekkverk rundt kjellarstrupen ved Borstova. Dette arbeider er gjennomført.
- ✓ Leiar har sendt brev til kommunen med merknad til budsjettet og økonomiplanen. Det vart og sendt til HF.
- ✓ 17. des. skulle budsjettet handsamast, i det høve var ca 10 av medlemmene med og demonstrerte utanfor Fjordahallen saman med mange andre.
- ✓ Leiar har hatt kontakt med medlemmene via brev fleire gonger i løpet av året.
- ✓ Medhjelparar ved ei dansesamling for born på Krossvoll.

Løyvingar og gåver

Ullensvang Skulemusikklag: ca kr 700,- (fruktkorger)

Vennemynten: kr 200,-

Hjelpefondet: kr 500,-

Levekårsprosjektet: kr 3131,- til mat og jolegåver

Gåve til Kinsarvik bibliotek ca kr 15 000

Blomegåve til 100- årsjubilanten Amalie Utne

Gåve til TV aksjonen kr 1500

Mottekne midlar og gåver

Momskompensasjon kr 4248,-

Grasrotmidlar kr 892,50,-

Kulturmidlar kr 10.000 frå den «kulturelle spaserstokken»

Bunadssokkar strikka og gjeve av Margareth Moberg.

Innkjøp til laget

Høgtalaranlegg

Baksteved

Kurs

Krotakakekurs 07.10.21, 5 deltakarar. Kurshaldarar var 3 frå laget.

Perlekurs, frå oktober til desember, 8 deltakarar. Kurshaldar var Kjellaug Ystanes.

Utendingar til møte.

Digitalt årsmøte i HBK, 2 frå styret deltok.

Bygdekvinnestreif på Aga, 2 frå styret møtte.

Til utleige

Me har til leige brure- og brudgombunad , og konfirmantbunader til gitar.

8 konfirmantbunader vart leigde ut til Kinsarvik, Lofthus og Odda.

Facebook-side

Laget har eiga facebook-side som Margareth Moberg har ansvaret for.

Heimeside

Laget har ei fin heimeside. Her legg Margareth ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : Bygdekvinnelaget.no. Vel lokallag.

Me ser tilbake på eit bra arbeidsår trass i koronarestriksjonar. Styret takkar medlemmene for godt samarbeid!

Jorunn Nornes Opedal

skrivar

Helene Olsen

leiar